


Nettet 3. trinn

Kva er bra for oss på nett og kva er ikkje så bra?

1. Introduser timen og start med å sjå [Barn på nett - YouTube](#)

Bruk bildra som er laga for 1. og 2. trinn som utgangspunkt for samtale om det som er kjekt og dumt på nett (sjå rettleiinga til læraren på 1. -2. trinn for tips), eller snakk litt generelt om filmen og gå vidare med innhaldet under

2. Sjå filmen [Velkommen til min digitale verden - YouTube](#)



Lag ei oversikt over kva barn kan gjere på på nett. Lærar skriv opp på på tavle eller stort ark.



La elevane få velje 1 konkret aktivitet som dei vil framheve fordi dei meiner dette er noko det er bra for dei å halde på med på nett. Er desse:

- Trygg eller skummel?
- Inkluderande eller ekskluderande (får alle som vil vere med?)
- Lovleg for alderen eller ikkje lovleg for alderen?
- Kva følelsar får ein når ein brukar denne?
- Snill eller slem?

La dei elevane som vil få fortelje kva dei har valt og begrunne dette. Klassa treng ikkje vere einig eller diskutere dette. Det viktige er at elevane sjølve får reflektere over vala dei tek på nettet og høyre kvarandre sine val.

3. Sjå [ONLINE SAFETY SONG \(Be Safe Online\) Lyric Video - YouTube](#) den er på engelsk og går ganske fort, men



kanskje kan de likevel snakke om kva den handlar om? Synge med på refrenget? Lage ein norsk versjon?

Kanskje kan elevane lage forslag til reglar som bør gjelde for dei – og de kan lage dei som plakatar, eller ein huskeregel eller ...rap?

4. Treng de litt aktivitet? Sjå og gjer denne eller andre filmar på denne sida: [Brain Break - Disney's ENCANTO Would You Rather? - YouTube](#)